



Notat

Til: Tommy Veland

Kopi til: Kart og oppmåling Anngunn Marie Gullbrå

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik

Vår referanse: 22/3312 - 2 / GBNR-319/51, FA-L42

Dato: 02.06.2022

Emne: Byggesaksavdelinga si vurdering av krav om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen - gbnr 319/51 Sagstad nedre

Kommunen har 19.04.2022 mottatt krav frå heimelshavar om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen frå einebustad m/hybel/leilighet (kode 112) til einebustad (kode 111). Vi forstår at dette gjeld bustad med bygningsnummer 21168211 og adresse Sagstadvegen 144.

I sak 2003/642 vart det gitt løyve til riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad med 2 husvære, eitt i 1. etasje og eitt i delar av 2. etasje. Husværa hadde felles inngang og var ikkje fysisk adskilt.

I 2017 vart det gitt løyve til oppføring av tilbygg til bustaden. Ut i frå godkjende teikningar går det fram at 2. etasje er bygd om slik at heile bygget framstår som ei bueining, sjå innsende teikningar. Det vart ikkje søkt spesifikt om samanføying av brukseiningane i bygget. Byggesaka er ikkje avslutta med ferdigattest.

Byggesaksavdelinga legg til grunn at ombygging av etasjen er godkjend slik teikningane viser og at bygget etter ombygginga har ei bueining. Vi vurderer derfor at samanføying av brukseiningane ikkje vil krevja ytterlegare søknad og løyve etter plan- og bygningslova.

Vi gjer samstundes merksam på at byggesaka må avsluttast med ferdigattest. Vi vil senda eige skriv til tiltakshavar om dette.

Søknaden vert oversend Kart og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.